

# **Referat styremøte 2017**

## **Møre & Romsdal Gjeterhundlag - MRGL**

---

Styremøtet fann stad den 20.09.2017 i tidsrommet mellom klokken 20.30 og 22.15.

Samtlige møtte:

- ✓ Merethe Hellevik (leiar)
  - ✓ Andor Bjørke, skrivar (vara for Bente Bonsaksen)
  - ✓ Ottar Ringstad
  - ✓ Maren-Ann H. Løvold (Gjest FM ansv. Jostein Røyseth)
- 

### **SAKER:**

#### **SAK 1; Prøvehelga i Batnfjorden**

Leiar innleia styremøtet med å forespørre status på det komande Fylkesmesterskapet i Batnfjorden. Jostein Røyseth er gjest på møtet, då han er hoved ansvarlig for mesterskapet. Maren-Ann informerte om arbeidet med å framskaffe nok sau, og ho skal sjekke dette vidare med rette vedkomande torsdag 21.09. Av andre ting blei det diskutert ulike element som må på plass, eksempelvis hestehenger/telt for dommar og skrivar, kiosk og bålpanne i nærheita av teltet, og eigna plassering av dette slik at det blir publikumsvenleg.

#### **Andre ting som må på plass:**

- Nok antall saude – Maren-Ann sine dyr, og hun sjekker videre med nabo om evt fleire?
- Avtale med grunneigar(ar) – Maren-Ann har ordnet dette.
- Prøvemateriell (grinder / kve / samlekve / lettgjerder / svart duk for tildekking)?
- Eigna stad for oppstalling av neste deltakar (tildekkja med svart duk)?
- Paller (podie) for deltakerane (om bana vert satt lik veg som tidligare år ved pålen)?
- Trekking av startlister/underlag for skrivar (Sunniva)? - Maren-Ann forespør.
- Bord og 2 stoler i hestehenger/dommartelt?
- Sekretær/skrivar (Forslag: Sunniva Nupen, mentor – evt Ingvild Molvik Arnesen / evt noken fra Batnfjorden)?
- Startvester/klaver til merking av saude – Ottar sjekker med Atle.
- Resultatliste - MMG låner ut sin, Merethe tar med.
- Telt/Bålpanne for tilskuere – Maren-Ann/Jostein?
- Utsettalar?
- Premier?
- Andre ting?

Vidare blei det diskutert ulike vegar ein kan nyte arenaen på under finaleomgangen, ref mail fra Jostein Røyseth. Styret overlet dette til arrangørene.

#### **SAK 2; Oppmann til Fylkesmesterskapet**

Styret diskuterte behovet for uhildet person til å være oppmann under mesterskapet. Ottar Ringstad vart valgt til dette.

#### **SAK 3; Medlemstreff haust 2017**

Styret fortsatte diskusjonen om den planlagde aktivitetshelga for grasrota. Styret fortsatte arbeidet rundt forslaget på å ha arrangementet på Lepsøya, på garden til Merethe Hellevik.

---

Området er perfekt for eit slikt arrangement, med god plass og fine treningsdyr, og ein kan trene på 3 områder samtidig med tilgang til gapahuk og grillhytte. Styret bestemde vidare at dei einskilde i styret tek diskusjonen i sine lokallag om dei har instruktørar/evt medlemmar villege til å gjere ein dugnadsinnsats og instruere gratis. Motto for arrangementet er: «Brobygging mellom lokallaga/kompetanseheving i gjeterhundmiljøet» og det bør styrets medlemmar fokusere på i dei einskilde lokallaga.

#### **SAK 4; Økonomien i MRGL**

Leiar informerte om at det sålangt kun er kome inn svar frå eit lokalag – MMG – og dei avstår. Leiar ber om at medlemmane i styret tek dette tilbake til dei lokallaga som endå ikkje har svart.

Leiar informerte vidare at det er startet opp eit nytt opplegg for å bestille laminerte bruksprov gjennom fylkeslaget MRGL på heimesida. Dette er eit tilbod for gjeterhund ekvipasjene rundt om.

Etter ei kort oppsummering vart styremøte med dette heva.

20.09.2017

---

Merethe Hellevik,

Ottar Ringstad,

Andor Bjørke,

Maren-Ann Helgesen Løvold